



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjestatsforvaltar - Dispensasjon - Austrheim 131/11 - Fønnes - frådelling av bustadhus

Vi viser til brev frå Austrheim kommune datert 06.09.2023. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formålet for frådelling av bustadhus nr to.

Formannskapet gav i vedtak handsama i møte den 08.06.2023, i sak 056/23, dispensasjon for frådelling.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 13.07.2023.

Formannskapet handsama klaga i møte den 31.08.2023, i sak 056/23, og klaga vart ikkje teken til følge. Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42.

Vi ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjestatsforvaltar etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Austrheim kommune

Kommunehuset

5943

AUSTRHEIM



Cato Andre Fonnes

Austrheimsvegen 156

5953

Fonnes